

# Kvalitetsdagane2016

21.-25. november /  
Kvalitet og kommunikasjon

[www.helse-fonna.no](http://www.helse-fonna.no)

ONSDAG  
**23**  
11

## STAD > ODDA SJUKEHUS

**9:00** Kvalitet i Helse Fonna. ADM. DIR. I HELSE FONNA, OLAV KLAUSEN

**9:30** God kommunikasjon i kvardagen – kva er det? Svarar vi på det pasientane har behov for å vite og sikrar vi at pasientane hugsar det som er viktig? FAGDIREKTØR HALDIS Ø. LIER OG KOMMUNIKASJONS-SJEF MARGARETH LANGEBO

**10:15-10:45** Kvalitet i Odda

## STAD > HAUGESUND - AUDITORIET

**9:00** Forskarworkshop - Implementering og forløp. MED PROFESSOR KRIS VANHAECHT

**18:00** Møteplassen - Samling for fastlegar

## STAD > HAUGESUND - LILLE MARITIM

**19:00-20:00** Peis på? Alt du trenger å vite om stress og mestring for di helse. GRATIS PUBLIKUMSFØREDRAG AV PSYKIATER BJARTE STUBHAUG

TORS DAG  
**24**  
11

## STAD > AULA, STORD DPS

**9:00** Kvalitet i Helse Fonna. ADM. DIR. I HELSE FONNA, OLAV KLAUSEN

**9:30** God kommunikasjon i kvardagen – kva er det? Svarar vi på det pasientane har behov for å vite og sikrar vi at pasientane hugsar det som er viktig? FAGDIREKTØR HALDIS Ø. LIER OG KOMMUNIKASJONS-SJEF MARGARETH LANGEBO

**10:00-11:30** Slik kan mindfulness vere eit verkty i ein travel kvardag. PSYKIATER BJARTE STUBHAUG

**12:00-12:30** Kvalitet på Stord

## STAD > HAUGESUND - AUDITORIET

**9:00-12:00** Den viktige samtalen – å snakke med barn som har det vanskeleg. LINDA R. KVALVIK, RVTS VEST

**12:30** Gode kundeopplevingar - ein tilfeldigheit? FØREDRAGSHALDAR OG INSPIRATOR ANDERS ÅMOT

**13:30** Underhaldning til ettertanke. Tør vi stole på intuisjonen vår og kan vi lære av eigen magekjensle? MENTALIST VIDAR HANSEN

**14:30-15:00** Kunnskap + klinisk skjønn = kloke valg. Er magefølelsen inkludert? PSYKIATER BJARTE STUBHAUG REFLEKTERER OVER FØREDRAGA FRÅ ÅMOT OG HANSEN.



FREDAG  
**25**  
11

## STAD > HAUGESUND - SCANDIC MARITIM

FRUKOSTSEMINAR FOR SJUKEHUSLEGAR OG FASTLEGAR

**7:30** Legane sitt fredagsmøte er flytta til Scandic Maritim. Her får vi deilig frukost, fagleg påfyll og drøs med gode kollegaer. **Hugs å melde deg på:** [www.helse-fonna.no/kvalitetsdagane](http://www.helse-fonna.no/kvalitetsdagane)

**8:00** Tiltak for å redusere bruk av antibiotika. SMITTEVERNOVERLEGE I HELSE FONNA RANDI OFSTAD

**8:30** D vitamin, sollys og helseeffekt. Med enkle grep og ny kunnskap kan vi bidra til å gjere pasientane våre friskare. SIRI DYVIK, OVERLEGE I HAUGESUND SANITETSFORENING S REVMATISMESYKEHUS (HSR)

**9:30** Legemiddelsamstemming har som mål å bidra til rett legemiddelbruk ved å gi pasienten ei nøyaktig og fullstendig liste. REGIONAL LEIAR SVEIN REIDAR KJOSAVIK OG LOKAL PROSJEKLEIAR NINA HAUGE FOR PROSJEKT LEGEMIDDELSAMSTEMMING I HELSE VEST.

**11:30-12:30** Lunsj. **Hugs å melde deg på:** [www.helse-fonna.no/kvalitetsdagane](http://www.helse-fonna.no/kvalitetsdagane)

**12:30** Dei gode døma. PRESENTASJON AV PROSJEKT NOMINERT TIL KVALITETSPRISEN. **OPE FOR ALLE.**

**14:30-15:00** Utdeling av Kvalitetsprisen 2016. FAGDIREKTØR HALDIS Ø. LIER



## > FØREDRAGSHALDARAR

**ANNE GRETHE ERLANDSEN**, statssekretær i helse- og omsorgsdepartementet, har lang fartstid i helsevesenet. Ho glødar for kvalitet i sjukehus og er verd å lytte til.

**ANNE KRISTINE BERGEM**, psykiater og forfatter. Bergem er ein dyktig føredragshaldar. Ho har kombinert psykiaterutdanning med kommunikasjonsutdanning og gir deg spennande refleksjonar og gode råd.

**BJARTE STUBHAUG** er psykiater. Han fortel korleis du kan handtere stress i kvardagen. Dette er eit flott føredrag for alle som har vel høge skuldrar og som jaktar ein metode for å senke dei. Føredraget "Peis på" er ope og gratis for alle som vil vite meir om stress og meistring.

**LINDA R. KVALVIK**, Ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging Region Vest (RVTS Vest). Kvalvik arbeidar for at born skal bli møtt og sett på ein god måte når dei er utsett for vonde opplevingar.

**ANDERS ÅMOT** begynte som servicemedarbeidar på bakken og endte opp som produktsjef for SAS Norge med ansvar for kundeopplevinga til 12 millionar passasjerar i året. No hjelper han bedrifter med å utvikle konsept for gode kundeopplevingar. Åmot er ein inspirasjon på scenen – ikkje gå glipp av dette!

**VIDAR HANSEN** er mentalist og reiser i både Noreg og Europa med spanande føredrag. Hansen er frå Karmøy og er utdanna politi. Han er opptatt av intuisjon i kvardagen. Tør vi stole på intuisjonen vår og kan vi lære av magekjensla? Ser vi det vi trur eller trur vi det vi ser? Vidar Hansen er ein entertainer som gir refleksjon, kunnskap og undring.

**SVEIN REIDAR KJOSAVIK** er spesialist i allmenntidleg og har ein doktorgrad om legemiddelbruk ved psykisk lidning. Han er samhandlingslege ved Stavanger universitetssykehus og prosjektleiar for legemiddelsamstemming i Helse Vest.

**NINA HAUGE** er sjukepleiar og seksjonsleiar ved geriatrisk seksjon og prosjektleiar for lokalt innføringsprosjekt legemiddelsamstemming i Helse Fonna.

